



## Møtebok for Utval for levekår

**Møtedato:** 02.04.2019  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00 - 15.15

Møtet vart styrt av leiar Sølvi Knudsen, SP.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 25.03.19 og møtet var kunngjort i pressa 20.03.19.

Ved opprop var 5 medlemmer til stades møtande varafolk medrekna.  
Av 9 medlemmer var 5 tilstades ved handsaming av sak 01 – 13.

Utvalet var på synfaring på Meland ungdomsskule i samband med sak 08 og på Meieriet i samband med sak 09.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Torstein Flatøy	KRF	Varamedlem
Are Nygård	AP	Varamedlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	Uavh
Kjersti Vikebø Nesse	AP
Stian Lavik	KRF
Thomas H. Wallem	H
Tom Inge Karlsen	AP
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh
Øystein Berland Blom	H

### Desse møtte frå administrasjonen:

Rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam  
Leiar kultur Eirik Utne til sak 04/19, 05/19, 06/19, 09/19, 10/19, 11/19 og 13/19  
Ungdomskoordinator Susanne Vaktskjold til sak 04/19  
Leiar NAV Arngunna Haga til sak 07/19 og 08/19  
Sosialkurator Marianne T. Osa til sak 07/19  
Prosjektleiar Haakon Anderssen møtte til sak 012/19

Protokollfører: Helge Kvam

---

05. april 2019

Sølvi Knudsen  
leiar

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
01/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2019	Godkjenning av møteprotokoll
03/2019	Referatsaker
04/2019	Orientering Ung Meland
05/2019	Etablering av utstyrssentral på Frekhaug
06/2019	Tilskotsordning for inkludering av barn i lavinntektsfamilier
07/2019	NAV - orientering status
08/2019	NAV - kvinnesporet i introduksjonsprogram
09/2019	Orientering om Meieriet Frekhaug 2019
10/2019	Orientering om status - rasteplassar, utsiktspunkt og parkeringsplassar i tilknytning til område for friluftsliv
11/2019	Spelemidler til lokale kulturbygg - desentralisert ordning 2019
12/2019	Aktuelle saker
13/2019	Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/320

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Utval for levekår - 01/2019

#### ULK - behandling:

Det var sendt ut ei tilleggssak.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste med tilleggssak vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/320

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 27.11.2018

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 27.11.18 vert godkjent.

### Utval for levekår - 02/2019

### ULK - behandling:

### ULK - samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møte 27.11.18 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/320

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2019.1	Forvaltningsrevisjon - Helsetilbodet til barn og unge, oppstartsmøte
03/2019.2	Referat SU/SMU møte 15.11.2018
03/2019.3	Referat SU/SMU møte 17.01.2019
03/2019.4	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Sjøslaget

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Utval for levekår - 03/2019

#### ULK - behandling:

#### ULK - samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Susanne Vaktskjold		19/732

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
04/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Orientering Ung Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ung Meland har no vore i drift i snart to år, har høge besøkstal og førebur seg på å flytte inn i Meieriet Frekhaug hausten 2019. Ungdomskoordinatoren ønskjer å halde ei orientering om tilbodet, situasjonen og drifta.

#### Framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

### Utval for levekår - 04/2019

#### ULK - behandling:

Ungdomskoordinator Susanne Vaktskjold og leiar for kultur Eirik Utne orienterte og viste powerpointpresentasjon.

#### Tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen, SP:

Orienteringa viser at det vert gjort eit svært godt arbeid i Ung Meland der ein er tett på ungdommane.

Utval for levekår ønskjer ei ny orientering om status Ung Meland i møte 03.09.19.

#### Avrøysting:

Framlegg til vedtak og tilleggsframlegget frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Orienteringa viser at det vert gjort eit svært godt arbeid i Ung Meland der ein er tett på ungdommane.

Utval for levekår ønskjer ei ny orientering om status Ung Meland i møte 03.09.19.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	FE-233	18/2522

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## **Etablering av utstyrssentral på Frekhaug Bua Frekhaug**

### **Vedlegg:**

Bua

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Meland frivilligsentral har søkt Bufdir om midlar til å starte opp ein utstyrssentral på Frekhaug.

Utstyrssentralar for gratis utlån av sports- og fritidsutstyr til barn og unge har sidan 2005 vore eit sentralt verkemiddel i styresmakta sitt folkehelsearbeid og innsats mot fattigdom og sosial ulikskap i Norge.

Tilgang på sports og fritidsutstyr er ein barriere for aukt aktivitet hos barn og unge, særleg fordi slikt utstyr ofte er kostbart.

#### **Vurdering**

Ein utstyrssentral på Frekhaug vil gje aukt moglegheit for å oppnå ein god samfunnseffekt.

Plasseringa på Frekhaug gjer at den ligg sentralt og er lett tilgjengeleg for alle, også når vi går inn i Alver.

#### **Organisering:**

Meland frivilligsentral har søkt om å etablere BUA ordningen på Frekhaug. BUA er ein nasjonal forening. Medlemskap i BUA gjev oss tilgang til blant anna:

- eit nasjonalt nettverk av utlansordningar for deling av erfaring og kompetanse.
- Tilgang til eit utlanssystem og heimeside som gjer det lettare å administrere og enklare og meir effektivt å låne ut til mange barn og unge.
- Oppfølging og rådgjeving i forbindelse med etablering og drift.
- Hjelp til marknadsføring og synleggjering.
- Tilgang til nøkkeltals rapportering og statistikk.



Utstyret som sentralen skal leige ut skal vera tilpassa årstider og lokale forhold. Utsyret skal vera rimeleg nytt, av god kvalitet og vedlikehaldast regelmessig. Til dømes er det viktig at sentralen kan leige ut ski og skøyter i samarbeid med skulane når det er ski eller skøytedagar. Vi har nær tilknytning til sjø slik at det vil vera naturleg å kunne leige ut redningsvestar.

Sentralen skal ha eit samarbeid med skulane, Ung Meland / Ungdomsrådet, frivillige organisasjonar og andre naturlege samarbeidspartar. Særleg opp mot viktige hendingar som leirskular, idretts arrangement, strandryddedag, sommaraktivitetar, turar i regi av Ung Meland og frivillige organisasjonar.

#### **Drift:**

For at sentralen skal vera mest mogleg tilgjengeleg, bør den vera open 2 til 3 dagar i veka på ettermiddag. Opp mot feriar er det viktig at den er open, og ein kan vurdere å ha ekstra opningstider i feriar.

Naturlege samarbeidspartar i drift av BUA Frekhaug er Meland ungdomskule og valfaget «Innsats for andre», NAV, flyktingetenesta og frivillige.

#### **Folkehelse**

Helsedirektoratets rapport Kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet (2014) syner ein stor samfunnsgevinst ved å auke den fysiske aktiviteten blant befolkninga.

Gevinsten kan målast i fleire leveår og aukt livskvalitet.

Velferdsgevinsten er særleg stor blant barn og unge. Helsedirektoratets rapport anslår ein gevinst i såkalte kvalitetsjusterte leveår på 16 år for barn/unge i alderen 10 – 19 år som går frå inaktiv til svært aktiv livsførsel.

Undersøkelser frå Helsedirektoratet, NOVA (Ungdata) og SSB viser at det er nokon grupper som er overrepresentert når det gjeld inaktivitet. Jenter, ikkje-vestleg bakgrunn, fattige familiar, ikkje deltakar i organiserte idettslag er grupper som skil seg ut.

#### **Miljø**

Ein utstyrssentral vil gje eit miljøvenleg forbruk fordi familiar og barn kan låne utstyr i staden for å kjøpe nytt.

#### **Konklusjon**

Ein utstyrssentral på Frekhaug vil gjera sports og friluftsutstyr tilgjengeleg for barn og ungdom i Meland og truleg vera med å bidra til å få fleire i aktivitet både i fritida og på skulen.

Kultursjef Eirik B. Utne held orienteringa på vegne av Dagleg leiar på frivilligsentralen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek orientringa til vitande.

## **Utval for levekår - 05/2019**

### **ULK - behandling:**

Leiar for kultur Eirik Utne orienterte.

### **ULK - samrøystes vedtak:**

Utval for levekår tek orientringa til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	FE-233	18/2522

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
06/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Tilskotsordning for inkludering av barn i lavinntektsfamiljar Tidlegare Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

### Vedlegg:

Sommaraktivitetar for barn og ungdom i Meland  
Bua  
Kultur på kort  
protokoll UR 10.01.19  
Stadfesting

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Barne, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) lyser ut midlar for inkludering av barn i lavinntektsfamiljar.

#### *Mål, innretning og prioriteringer*

*Målet med tilskuddsordningen er å motvirke og/eller dempe konsekvensene av fattigdom blant barn og ungdom. Tilskuddsordningen skal være et virkemiddel for å bedre mulighetene for at flere barn og ungdom skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie- og fritidsaktiviteter, uavhengig av foreldrenes inntekt og sosiale situasjon. Det skal ikke stilles krav om kunnskap, politisk ståsted eller religiøs bakgrunn for å delta. Tilbudet skal så langt det er mulig ha lave eller ingen kostnader.*

*I tillegg er det et mål at tiltakene bidrar til et mer inkluderende fritidsmiljø.*

### Vurdering

Meland kommune har tidlegare motteke støtte frå denne ordninga til fleire prosjekt – Sommaraktivitetar for barn, Kultur på kort og Hengestedet. Desse prosjekta har gitt godt mottekne tilbud der målgruppa har blitt nådd.

Det er komme inn 3 søknadar frå Meland frivilligsentral. Knutepunktsgurppa som er sett saman av representantar frå ulike tenester i kommunen, har i møte 14.januar sett opp ei prioritert liste med grunngjeving:

## Tiltak

### Vurdering og grunngjeving frå knutepunktgruppa:

#### Sommaraktivitetar for barn og ungdom i Meland

- Tilbodet er kjent og mange barn har forventningar om det.
- Gode tilbakemeldingar frå foreldre, barn og frivillige organisasjonar.
- Stor deltakelse
- Deltakarane sit igjen med gode opplevsalar og meiningsfylt aktivitet i ferien.
- Dei blir introdusert for ulike fritidstilbod og aktivitetar i frivillige organisasjonar som igjen fører til aukt rekruttering.
- Tiltaket gjev positive opplevingar i felles opplevingar i nærmiljøet.
- Variert tilbod.
- Samarbeider med nabokommunane om tilbodet til ungdommane. Noko som gjev eit tilbod for heile sommaren.
- Tiltaket er brubbyggjing mellom frivillig sektor, kommunen og innbyggjarane
- Fleire frivillige organisasjonar deltek med aktivitetar, noko som senker terskelen for enkelte til å delta
- Skaper arenaer for mestring.

#### Bua Frekhaug

- **S**enker terskelen for deltaking i fysiske aktivitetar.
- Skaper varig aktivitet der barn kan delta i ulike frivillige aktivitetar fordi det ikkje er avhengig av foreldra sin økonomiske situasjon for å skaffe utstyr.
- Lavare terskel for å prøve nye aktivitetar
- God fysisk og psykisk gevinst i å få inaktive barn inn i aktivitetar
- Gir barna tilhørighet og skaper inkludering når dei deltar på arenaer saman med vener.
- Ikkje synleg for andre at ein har lånt utstyr og dermed ikkje synleg at ein er i målgruppa.
- Ordninga er lett tilgjengeleg. Fort gjort å få tak i utstyr.
- Sikrar deltaking, til dømes til skidagar på skulen, leirskule, helgeturar med UngMeland.
- Miljøtiltak å låne utstyr istaden for å kjøpe nytt heile tida.
- I feriar kan ein låne utstyr til aktivitetar.
- Få inn frivillige ressursar som f.eks pensjonistar som sit på mykje kompetanse.
- Samarbeide med ungdomsskulen og valfaget «Innsats for andre»

#### Kultur på kort

- Innarbeidd – forventningar
- Anonymt
- Enkel saksgang – lett tilgjengeleg
- Treffer målgruppa – vanlege aktivitetar som «alle» opplever
- Aktivitetar som er populære
- Spandere på ein kompiss – viktig
- Felles opplevelse for familien
- Gode tilbakemeldingar frå brukarane
- Lett å administrere

Knutepunktgruppa har sett opp ei prioritert liste med grunngjeving. Ungdomsrådet har hatt saka til orientering og uttale. Det er lagt ved ei signert stadfesting frå øverste politiske og administrative nivå til Bufdir. Frist for å levere prioritert liste til Bufdir er 1.februar.

Søknadane følgjer saka som vedlegg.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

**Konklusjon**

Meland kommune har behandla søknaden til Bufdir om tilskot til barn i lavinntektsfamiliar slik regelverket for tilskotet krev.

Kultursjef Eirik B. Utne held orienteringa på vegne av dagleg leiar ved Frivilligsentralen.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

**Utval for levekår - 06/2019**

**ULK - behandling:**

Leiar for kultur Eirik Utne orienterte.

**ULK - samrøystes vedtak:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-X62	19/720

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
07/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## NAV - orientering status

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Tenesteområdeleiar NAV vil gje utval for levekår ei orientering om status med arbeid for ulike målgrupper i møte. Her vil ein mellom anna ha fokus på arbeid med ungdom og unge vaksne.

Aktuell presentasjon vert å dele ut i møte.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orientering frå NAV om status med arbeid for ulike målgrupper til vitande.

### Utval for levekår - 07/2019

#### ULK - behandling:

Leiar NAV Arngunna Haga og sosialkurator Marianne T. Osa orienterte og viste ein powerpointpresentasjon.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Utval for levekår tek orientering frå NAV om status med arbeid for ulike målgrupper til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-X62	19/721

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
08/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## NAV - kvinnesporet i introduksjonsprogram

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Tenesteområdeleiar NAV vil gje utval for levekår ei orientering om arbeid med kvinnesporet i introduksjonsprogram.

Utvalet får samstundes besøke tiltaket som er lokalisert ved Meland ungdomsskule.

Aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon frå NAV om kvinnesporet i introduksjonsprogram til vitande.

### Utval for levekår - 08/2019

#### ULK - behandling:

Leiar NAV Arngunna Haga orienterte.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Utval for levekår tek informasjon frå NAV om kvinnesporet i introduksjonsprogram til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA-D12, FE-614, TI-&47	19/725

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
09/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Orientering om Meieriet Frekhaug 2019

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Arbeida ved Meieriet Frekhaug er starta opp. Det er ønskeleg å få halde ei orientering om saka.

#### Vurdering

Orienteringa vert om ønskeleg heldt ved Meieriet Frekhaug, Havnevegen 68.

#### Konklusjon

Det vert halde ei orientering om Meieriet Frekhaug

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

### Utval for levekår - 09/2019

#### ULK - behandling:

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA-C20, FE-144	16/2830

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
10/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

**Orientering om status - rasteplassar, utsiktspunkt og parkeringsplassar i tilknytning til område for friluftsliv**

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Arbeidet er i gong med å realisere tiltaka i rulleringa av *Temaplan for idrett, friluftsliv og folkehelse 2014–2019*, på deltema rasteplassar, utsiktspunkt og parkeringsplassar i tilknytning til friluftsområde.

### Vurdering

Det er ønskjeleg å halde ei orientering om status for arbeidet.

### Folkehelse

Tiltaka har positiv verknad for folkehelsa

### Miljø

Tiltaka kan påverke miljøet

### Økonomi

Tiltaka er festa i budsjett for 2019

### Konklusjon

Det vert halde ei orientering om status for arbeidet.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande

### Utval for levekår - 10/2019

#### ULK - behandling:

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

#### ULK - samrøystes vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE-243, FA-D10	19/724

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
11/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019
	Kommunestyret	PS	

## Spelemidlar til lokale kulturbygg - desentralisert ordning 2019

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen må prioritere søknadar til spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg – desentralisert ordning, på lik line som ved spelemidlar til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Tidlegare tilskotsmottakarar i Meland er Stiftinga Nordgardsløa, UL Varden, UL Von, UL Framsteg og Meland kommune.

#### Vurdering

Det ligg føre ein søknad i Meland for 2019 – Meieriet Frekhaug, med søknadssum kr 3 375 000. Søkjar er Meland kommune. Prosjektet fekk kr 0,5 mill over ordninga i 2018, og søknaden er gjentatt for 2019.

#### Folkehelse

Prosjektet vil har positiv verknad på folkehelsa

#### Miljø

Saka har ikkje påverknad på miljøet

#### Økonomi

Eit tilskot vil gå inn som del av finansiering av Meieriet.

#### Konklusjon

Det ligg føre eitt tilskotsberettiga prosjekt og søknad til spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg, ved Meieriet på Frekhaug, søkjar er Meland kommune. Kommunen må prioritere søknadar til ordninga.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir prioritet 1 til søknaden Meieriet Frekhaug, gjeldande ordninga om spelemidlar til lokale kulturbygg, desentralisert ordning for 2019

#### Utval for levekår - 11/2019

#### ULK - behandling:

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

**ULK – samrøystees framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gir prioritet 1 til søknaden Meieriet Frekhaug, gjeldande ordninga om spelemidlar til lokale kulturbygg, desentralisert ordning for 2019.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		19/320

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
12/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Aktuelle saker

### Vedlegg:

Brev til Utval for levekår\_20.03.19

Ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne 2019

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

### Utval for levekår - 12/2019

### ULK - behandling:

### Sølvi Knudsen:

**Sak 1: Tilrettelegging av nokre leikeapparat for elevar som brukar rullestol på den nye leikeplassen på Sagstad skule**

Det vart delt ut skriv frå prosjektleiar Haakon Anderssen.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orientering om status prosjekt utviding skuleplass på Sagstad skule til vitande. Ein er nøgd med at det no vert utbetra tilkomst og utstyr innan opning i juni 2019.

### Avrøysting:

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **Sak 2: Ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne 2019**

Det vart delt ut notat - Retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår ber rådmannen finna løysingar for personar med nedsett funksjonsevne som ønskjer å reisa på tur med overnatting utanfor kommunen i 2019.

Utval for levekår meiner eit samarbeid mellom den einskilde brukar og kommunen vil det vera mogleg å få til løysingar som kan akseptrast både for brukaren og kommunen.

I samband med Alver kommune må nye og fleksible retningsliner innan dette tenestområdet utarbeidast der både brukarorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar vert involvert i arbeidet.

**Avrøysting:**

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**Leif Johnsen:**

**Sak 3: Ønskjer fokus på "grøne lunger" ved komande utbyggingar og reguleringar.**

**Are Nygård:****Sak 4: Sperring av apper på kommunalt wifi-nett**

Stadig oftare kan ein lesa om mobbing i skulen, både på barne- og ungdomstrinn. Dette er fortvilande og må motarbeidast med alle midler.

I ei tid mobiltelefoner blir nytta av stadig yngre og yngre jenter og gutter blir tilgjengeligheten stor og kontroll med kva den einskilde kommuniserer meir og meir krevjande.

På skulane i Meland Kommune er det Nordhordland IKT som er leverandør av datalinjer og trødlaust nett (Wifi). Her kan elevane, når dei har tilgang på sin mobiltelefon (og liknande) surfe gratis.

Det har vakse fram ei rad mobilprogram (Apper) som er gratis å laste ned kor ein kan snakka saman (chatte) trødlaust. På nokre av desse kan ein registrera seg som anonym bruker. Det betyr at ein mottakar ikkje ser kven som er avsendar. Eksempel på desse er:

Sarahah

Tellonym

Jodel

Kiwi community

ASKfm

**Spørsmål;**

Kan Meland Kommune som eigar av skulane og medeigar i datalinje leverandøren hindra at ovannevnte og tilsvarande Apper ikkje fungerer (vert blokkert) på skulane våre?

Kanskje skulane allereie har varsla foreldre om at dei må vera merksame på ovannevnte Apper? Det veit eg ikkje.

Kan administrasjonen svara på om me har lovhjemmel til å gjera dette og evt. orientera om kva som er gjort rundt tema?

**ULK - samrøystes vedtak:**

Utval for levekår tek orientering om status prosjekt utviding skuleplass på Sagstad skule til vitande. Ein er nøgd med at det no vert utbetra tilkomst og utstyr innan opning i juni 2019.

Utval for levekår ber rådmannen finna løysingar for personar med nedsett funksjonsevne som ønskjer å reisa på tur med overnatting utanfor kommunen i 2019.

Utval for levekår meiner eit samarbeid mellom den einskilde brukar og kommunen vil det vera |mogeleg å få til løysingar som kan aksepterst både for brukaren og kommunen.

I samband med Alver kommune må nye og fleksible retningsliner innan dette tenestområdet utarbeidast der både brukarorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar vert involvert i arbeidet.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA-C50, TI-&30	14/653

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
13/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

## Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Planprogram for kulturminneplan i Meland vart vedteken i KS-100/2015, og arbeidet har vore støtta av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Bakgrunnen for planarbeidet låg i ei nasjonal satsing for å utarbeide kulturminneplanar i kommunane, som eit tiltak for å redusere det store svinnet i nyare tids kulturminne frå dei siste hundreåra. Denne reduksjonen i dei tidsmessige nære kulturminna våre har i hovudsak grunnlag i samfunnsendringar der bygg og strukturar går ut av bruk, noko vi òg kjenner frå vår region. Vidare er vår immaterielle kulturarv under press, som til dømes tradisjonshandverk, sjøbrukskunnskap og folkloristikk. Plansatsinga skal sikre lokale prioriteringar og strategiar for å sikre desse verdiane for kommande generasjonar.

Planarbeidet har vist seg svært omfattande og tidkrevjande, særleg i høve kjeldeomfang og struktur. Det har òg vore naudsynt å prioritere andre større satsingar dei siste åra, mellom anna for barn og ungdom. Det har likevel vore gjort omfattande førebuande arbeid, der ein mellom anna har godt oversyn over kjeldetilfanget og gjort ferdig større digitaliseringsoppgåver. Vidare har satsinga på kommunal kulturminnevernforvaltning vore styrka, og saksfeltet er ein tydeleg del av alle kommunale prosessar i høve plan- og bygningslova.

Styringsgruppe for planarbeidet er Utval for levekår.

#### Vurdering

Kulturminneplan for Radøy vart vedtatt i 2017, og kulturminneplan for Lindås frå 2011 er til rulling. Meland og Lindås kommunar har ikkje høve til å ferdigstille respektive nye planar før 2020, men kan systematisere og tematisere kunnskapen og kjeldegrunnlaget i eigne kunnskapsgrunnlag. Ein eventuell kommande kulturminneplan for Alver vil slik kunne byggje på tre delar: Radøy-planen og kunnskapsgrunnlaga for Meland og Lindås. Dette vil saman kunne danne grunnlag for heilskaplege kulturminnestrategiar for Alver kommune, og sikre omsyna, verdiane og kunnskapen frå dagens einskilte kommunar.

#### Folkehelse

Kulturminna har påverknad på folkehelsa, mellom anna som del av attraktive ute- og friluftsområde, samt satsing på kunnskap om eiga historie.

#### Miljø

Ny bruk av kulturminne kan ha positiv innverknad på miljørekneskapen.

**Økonomi**

Saka har ikkje innverknad på kommuneøkonomien.

**Konklusjon**

Arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune vert konkludert som kunnskapsgrunnlag for kulturminne, med omsyn til framtidig planarbeid i Alver kommune.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner at arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune vert konkludert som Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland, for å danne grunnlag for framtidig planarbeid i Alver kommune

**Utval for levekår - 13/2019****ULK - behandling:**

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

**ULK - samrøystes vedtak:**

Utval for levekår godkjenner at arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune vert konkludert som Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland, for å danne grunnlag for framtidig planarbeid i Alver kommune